

Einar Jensen
Jerpeleina 17
1415 OPPEGÅRD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2273 - 14/9114

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
11.04.2014

Svar på førespurnad vedkomande eigedommane på gbnr 139/42, 63 og 65 Tveiten nedre

Viser til din førespurnad motteke her 09.03.2014. Vi beklagar seint svar.

Vårt svar vert gjeve punktvis i høve til spørsmåla i din førespurnad. Kommunen v/arealplan og byggesak har tidlegare hatt møte med Majo Egedom vedkommande utbygging på desse eigedommane. Eigedommane ligg i LNF-område innanfor kommunedelplanen for Knarvik-Alversund. Etter administrasjonen sin syn så bør utbygging på desse tomtane skje gjennom ein reguleringsplanprosess, slik at ein får ei heilskapleg vurdering. Ved rullering av kommunedelplanen så er det opning for at desse tomtane kan spelast inn som bustadtomtar, og vert dei lagt inn som bustadområde vil det verte plankrav, krav til reguleringsplan for utbygging.

1. Når det gjeld oppføring av tomannsbustader, så vart desse ført opp før gjeldande kommunedelplan vart vedteken. Det er såleis endra planstatus sidan dei vart bygd. Når det gjeld eigdommen på gbnr 139/94, så er denne avsett til offentleg føremål, og har ikkje same planstatus som dei tre eigedommane du viser til.
2. Når det gjeld areal på bnr 63 og 65 er det mogleg at det har skjedd endringar i arealet som følgje av fylkesvegen. Eg kunne ikkje finna nytt målebrev i vårt arkiv.
3. Sjølv om det delvis på bnr. 63 er oppført garasje, så er dette likevel ein eigedom som ligg innanfor LNF- føremålet i kommunedelplanen for Knarvik- Alversund. Nye tiltak på eigdommen krev dispensasjon.
4. I umiddelbar nærleik til dei eigedommane du viser til er det gbnr 139/8 som er ubebygd. Det er parsellar som ligg til større eigedommar, som t.d. gbnr 139/5 som ein dispensasjon kan få verknad for, ved at ein opnar for dispensasjon frå arealføremålet. Det er og fleire ubebygde tomtar innanfor same planområde, men ein har dessverre ikkje kapasitet til ein gjennomgang av alle desse.



5. Når det gjeld spørsmåla dine kring oppmåling, er denne delen av førespurnaden din vidare sendt til geodata. Du vil få eige svar frå dei rett over påske.

Utnyttingsgraden er ikkje fastsett i plan, og vil verte fastsett som vilkår for dispensasjon, dersom det vert sendt inn søknad om dette.

6. Det kan sendast inn ein eigen søknad om dispensasjon for bygging. Det er ikkje eiga søknadsskjema for dispensasjon. Søknad om dispensasjon må grunngjevast, jf. plan- og bygningsloven (pbl) § 19-1. Dispensasjon må nabovarslast på vanleg måte. Skjema for nabovarsel er tilgjengeleg på www.dibk.no. Søknad om dispensasjon skal sendast på høyring til statlege myndigheiter, som i LNF- saker vil vere fylkesmannen og fylkeskommunen. Frist for uttale er 4 veker. Etter Lindås kommune sitt delegasjonsreglement, så skal saker der administrasjonen er negativ, hansamast av Plan- og miljøutvalet (politisk organ). Klager på vedtak vert også handsama der. Fylkesmannen er endeleg klageinstans etter plan- og bygningslova. Det er ikkje lovfesta sakshandsamingstid for dispensasjon etter pbl. Gebyr er kr. 8.500 pr. dispensasjon, jf. Lindås kommune si gebyrforskrift.

7. Naustetomt på gbnr 137/34 inngår i reguleringsplan for Tveiten gnr 138 bnr 11 som vart vedteke i 2007. Eigedommen er regulert til anna byggjeområde (naust) i reguleringsplanen, N3. Det er opna opp for nye naust innanfor naustområda. Sjå eigne føresegner i reguleringsplanen.

Reguleringsplankart med føresegner er lagt ved.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Føresegner reg.plan Tveiten
Plankart reg.plan Tveiten

Mottakarar:
Einar Jensen

Jerpeleina 17

1415

OPPEGÅRD